



SULA KOMMUNE

MØTEREGLEMENT

MELLOMBELSE UTVAL

Møtereglement mellombelse utval –
vedtatt av Sula kommunestyre i møte 15.06.2023, K-sak 042/23

1. INTENSJON

Intensjonen ved mellombelse utval er at:

- a) politikken skal ha meir overordna, heilskapeleg og strategisk perspektiv
- b) det skal sørgje for meir politisk eigarskap i saker av meir overordna, heilskapeleg og strategisk karakter. Det betyr bl.a. at mellombelse utval må ta meir aktiv del i alle fasar av arbeidet med aktuell sak.
- c) det skal rekruttere til (vidare) politisk engasjement

2. VAL OG SAMANSETTING

- a) Mellombelse utval er heimla i kommunelova sine [§§ 5-1 d](#) og [5-7](#).
- b) Utval må bli oppnemnd av kommunestyret sjølv og skal rapportere til kommunestyret.
- c) Tal på medlemmar skal normalt vere 5 eller 7, heilt unntaksvis kan det vere 9. Desse skal som hovudregel bli vald blant kommunestyret sine faste representantar og vararepresentantar.
Dersom eit parti har problem med å oppnå kjønnsbalanse eller der er andre vektige årsaker, kan ein velje representantar som stod på liste til kommunestyrevalet.
- d) Kommunestyret sjølv vel leiar, nestleiar og andre medlemmar av utvala. Dette skal skje etter forholdstalsval, alternativt avtaleval.
- e) Hvis ei liste får minst fire medlemmar i organet, skal kvart kjønn vere representert med minst 40 prosent frå lista. Får lista tre eller færre medlemmar i organet, skal begge kjønn vere representert. Viser det seg at utpeikinga etter dette fører til at krava i første eller andre punktum ikkje blir oppfylt, skal kandidatar frå det underrepresenterte kjønn rykke opp på lista inntil kravet er oppfylt.

3. MYNDE OG OPPGÅVER

- a) Som utgangspunkt bør kommunestyret ved oppretting av mellombels utval gi dette eit klart og tydeleg mandat og med frist for når arbeidet skal vere avslutta.
Ved evt uklarheiter må utvalet, med bistand frå administrasjonen, kome tilbake til kommunestyret for å få klargjering / definering av gitt mandat.
- b) Etter nedsetting av mellombels utval, skal det bli utarbeidd eit kunnskapsgrunnlag for arbeidet. Dette skal inkludere ei oversikt over relevant lovverk.

- c) Aktuelle saker for mellombels utval er:
- Overordna planar som kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel
 - Fagplanar som helse- og omsorgsplan, kultur- og oppvekstplan, boligsosial plan
 - Utviklingsprosjekt for kommunale eigedomar
 - Evt andre kommunale planar og strategiar, f.eks. plan for kommunen sitt arbeid med å førebygge omsorgssvikt og åtferdsproblem
 - Kommunale vedtekter
 - Plan- og byggenemnd for ulike konkrete prosjekt:
 - i. Kommunalsjef eller einingsleiar for den eininga som skal bruke bygget, organiserer brukarmedverknad i byggeprosjekt gjennom eit eige brukarutval.
 - ii. Evt leiar i brukarutval får møte- og talerett, men ikkje stemmerett, i byggenemnda i saker som gjeld deira byggeprosjekt.
- d) Arbeidet i mellombelse utval skil seg frå andre politiske organ ved at medlemmane må ta meir aktiv del i alle fasar av arbeidet med aktuell sak. Mellombelse utval har ansvar for utgreiingsoppgåver og skal etter endt utgreiing leggje fram forslag.
- e) Utvalet si innstilling skal følgjast av kommunedirektør sitt saksframlegg før endeleg behandling i kommunestyret, jf [kommunelova § 13-1, tredje ledd](#). Kommunedirektør, i samråd med ordførar, avgjer om innstillinga også skal bli behandla i formannskapet før kommunestyret.
- f) Evt. mellombels utval med budsjettpost må få fullmakt til å disponere denne av kommunestyret.
- g) Kommunestyret kan når tid som helst omorganisere eller leggje ned mellombelse utval, jf [kommunelova § 5-7, femte ledd](#).
- h) Reglar for innkalling, møteavvikling, saksbehandling m.m. går fram av generelt reglement.
Utover dette gjeld kommunelova.

4. IVERKSETTING

Dette reglementet er vedtatt av Sula kommunestyret i møte 15.06.2023, jf. K-sak 042/23, og gjeld frå konstituerande møte i kommunestyret 19.10.23.

Endring i reglementet kan berre bli gjort av kommunestyret.